

# Fotballmimring

Det fyrste eg kan hugse av fotballkampar, var at vi spela mot kvarandre, skulekretsane Brøvoll og Brunstad i 1930-åra. Kampane vart oftast spela i Holeøyane. Seinare på 30-talet, då IL Ringen fekk grusbane, spela vi mot dei. Eg spela senterhalf og var den yngste spelaren på velledalslaget. Eg minnest at vi vann 5-2 ein gong. Perry Fet stod i mål.

**Grusbane i 1950.** I 1949 var eg leiar i Velledalen IL. Det var i den tida grusbana i Tregardane vart laga. Steinmuren på nedste sida av bana vart laga av brørne Olav og Paul Hole med god hjelp av faren, Petter. Dette var før gravemaskina si tid, så reiskapen var hakke, spade og trillebår. Leif Arne Brunstad hadde motorsag. Han stod for skogryddinga.

I pinsa 1950 vart bana opna med turnering. Resultata i dei innleiande kampane vart slik:  
Velledalen – Valderøy 10-2

Ringen - Stranda 4-0

I finalen vart det lokaldarby mellom Velledalen og Ringen, med 5-0 til Velledalen som sluttresultat.

Velledalen sitt fotballag var godt denne tida med stor breidde i stallen. I laget si møtebok kan ein lese at heile 30 spelarar spela kampar denne sesongen, der dei spela seriekampar mot lag som Spjelkavik, Aksla, Langevåg, Stranda og Sykkylven. Ifylgje møteboka deltok desse spelarane: Halstein Skog, Sigurd Fet, Peder Brunstad, Per Hole-Drabløs, Kåre C. Brunstad, Jon Hjortdal, Alf Brunstad, Magnar Fet, Erling Fet, Jon C. Brunstad, Paul Hole, Kjell C. Brunstad, Arne Grimstad, Olav Fet, Ole L. Hole, Jostein Fet, Norvald Fet, Olav P. Hole, Svein Brudevoll, Ole Fausa, Karl Lade, Knut Lødemel, Oddmund Skylstad, Trygve Brunstad, Petter Hjortdal, Arne Fedt, Jon P. Brunstad, Jon Hole-Drabløs, Ludvik Brunstad og Peder Heggstad.

**Grasbane i 1971.** I 1952 gjekk fotballgruppene i Velledalen IL og IL Ringen saman. Etter kvart fekk dei namnet Velledalen og Ringen Fotballag (VRF). Dette laget gjorde det godt og skapte entusiasme kring seg. Laget var på sitt beste då Velledalen IL opna grasbana på Dalemyra i 1971. Der slo laget Hødd i finalen i opningsturneringa (1-0).

Laget møtte motbør i siste halvdel av 80-talet då dei beste spelarane melde overgang til Sykkylven. Men Gisle Erstad fekk laget opp ein divisjon i 1989, og då laget fekk att spelarane sine på 90-talet, vart det nytt oprykk. I 1995 vann VRF begge nabooppgjera mot Sykkylven i 3.divisjon – begge gongane med eitt mål. 750 tilskodarar såg vårkampen på Dalemyra, 600 haustkampen på Sykkylven stadion.

**Entusiasmen vekk.** Men i 2002, parallelt med VRF sitt 50-årsjubileum, fann nokre karar (pussig nok frå VRF) ut at fotballen i bygda skulle samlast i éin klubb. FK Sykkylven vart namnet. Etter fem år kan ein slå fast at dette ikkje har vorte den store suksessen mange trudde. Den entusiasmen som ein gong rådde kring lokal fotball på seniornivå i Velledalen, er no så godt som heilt viska ut.

Jon C. Brunstad